

2020/60824-1

Saksnr: Eva Moberg, Inger lena**Saksbehandlar:** Gåsemyr, David Aasen
Sandved**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		15.10.2020

Museumsløft 2020. Reviderte retningslinjer

Forslag til vedtak

Utval for kultur, idrett og integrering sluttar seg til innretting og retningslinjer i tilskotsordninga for Museumsløft 2020 slik det ligg føre i vedlegg til denne saka.

Samandrag

Tidlegare Hordaland fylkeskommune har hatt eiga tilskotsordning, «Museumsløft», som dei konsoliderte musea i Hordaland har hatt høve til å søkje på. I Vestland fylkeskommune vil ei vidareføring av ordninga no også omfatte Musea i Sogn og Fjordane (konsolidert museum for musea i tidlegare Sogn og Fjordane). Ordninga er difor revidert og tilpassa slik at ho inkluderer alle dei konsoliderte musea i Vestland. Det er også gjort ei spissing av ordninga inn mot fellesprosjekt for magasin og samlingsforvaltning, samt istandsetting av kulturhistoriske bygningar på musea. Framlegg til reviderte retningslinjer ligg som vedlegg i saka.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektørDavid J Aasen Sandved
seksjonssjef*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I vedteke budsjett 2020 er Museumsløft ei tilskotsordning retta mot dei konsoliderte musea. Tilskotsordninga vart oppretta i tidlegare Hordaland fylkeskommune i 2017. Etter oppretting av Vestland fylkeskommune er det no behov for å revidere retningslinene, slik at også det konsoliderte museet Musea i Sogn og Fjordane får høve til å nytte ordninga.

Målet med ordninga er å styrke dei konsoliderte musea og vidareutvikle gjeldande satsingar frå Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025 *Premiss kultur* og Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, *Kultur for alle*.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Vurderingar og verknader

Økonomi: Storleiken på tilskotsordninga i 2020 er 1,65 mill. og vedteke av Fylkestinget i ordinær budsjetthandsaming

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Regional plan for folkehelse 2014-2025 – fleire gode levekår for alle : Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa

Regional planstrategi: Tilskotsordninga er eit sentralt verkemiddel for å følgje opp viktige satsingar i Regional kulturplan for Hordland 2015-2025 «Premiss.Kultur» og Regional Plan for Kultur i Sogn og Fjordane 2019-2029 «Kultur for alle».

Etter samanslåinga av Hordaland og Sogn og Fjordane ser fylkesdirektøren behov for å utvide tilgangen til tilskotsordninga «Museumsløft, slik at ho omfattar alle dei konsoliderte musea i Vestland.

I Telemarksforsking sin rapport frå 2020, *Museum og samfunn*, vert det peika på gevinstane musea kan oppnå gjennom å gå saman om fellestenester innafor magasin og samlingsforvaltning. Fylkesdirektøren meiner det er tenleg å innrette ordninga mot fellesprosjekt som kan bidra til dette.

Fylkesdirektøren merkar seg også det store vedlikehaldsetterslepet på bygningsmassen ved musea. Ordninga opnar difor også opp for at musea kan søkje støtte til istandsetjing av kulturhistoriske bygg som musea forvaltar.

Konklusjon

Fylkesdirektøren gjer på bakgrunn av vurderingane over framlegg om reviderte retningsliner for tilskotsordninga «Museumsløft» og ber hovudutvalet slutte seg til innretting og kriteria for tilskotsordninga slik dei ligg føre i vedlegget.